

Referat Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Møtereferat

Møte : Ekstraordinært møte 28.11.17 kl. 11.00 -14.00 i samband med høyringsfristen for Utviklingsplanen i HMR. Pga. mykje fråvær på siste møte vart og val av leiar og nestleiar utsett til dette møtet.

Møtestad : Høgskulen i Volda. Aasenbygget, møterom Aasen 113.

Til stades :

Herøy kommune v/ Torill Myklebust

Sande kommune v/ Wenche Thorseth

Ørsta kommune v/ Wenche Flo

HMR – Volda v/ Knut Nautvik

HMR – Volda v/ Hallgrim Myklebust

HMR – Volda v/Mona Ryste

Rådgivar samhandlingsavdelinga HMR v/ Lene Bjørge Våge

Brukarutvalet v/ Asbjørn Ringdal Gausdal

Fråvær : Oddvar Marøy, Berit Aasen, Stian Endresen, Astrid Dimmen, Arnhild Nordaune, Silje K. Eriksen, Vegard Austnes

Pga. fråvær vart Wenche Thorseth valgt til referent.

Møteleiar : Mona Ryste

Sak 20/17 : Godkjenning av innkallinga til dette møtet, og referat frå siste møte, 29.09.17.

Innkallinga godkjent.

Det kom opp desse sakene til eventuelt : Orienteringssaker v/ Mona Ryste.

1. Utskrivingsklare pasientar.

2. Trainee-ordning

Referat godkjent.

Sak 21/17 : Høyringsuttale for Utviklingsplan HMR 2019 – 2022 med særskilt fokus på samhandlingsperspektivet v/ Lena B. Våge

Lena B. Våge skisserte dei viktigaste momenta knytt til Utviklingsplanen. Viser til vedlegg.

Ho informerte om heimesida til HMR og tilrådde at vi brukar den til å innhente informasjon om organiseringa av utviklingsarbeidet og andre aktuelle tema.

I diskusjonen etter innlegget vart det stilt spørsmål om det lokale samhandlingsutvalet burde skrive ein uttale til Utviklingsplanen. Det vart elles m.a diskutert kva økonomiske følgjer gjennomføringa av Utviklingsplanen vil få for kommunane (jmf. Uttalen frå Volda kommune)

Vedtak : Lokalt samhandlingsutval skriv ein kommentar til Utviklingsplanen basert på forslag frå brukarrepresentant Asbjørn R. Gausdal. Referenten reinskriver kommentaren og sender den til leiar Mona Ryste. Kommentaren , viser til vedlegg, vert til slutt sendt til postmottak i HMR innan fristen.

Sak 22/17 : Val av leiar/nestleiar for 2018

Vedtak : Oddvar Marøy vart valgt til leiar. Knut Nautvik vart valgt til nestleiar

Sak 23/17 : Møteplan 2018

Vedtak : Det vert to møter i 2018.

Datoar : **27.04.18 og 26.10.18.**

Møta vert på Høgskulen i Volda.

Sak 24/17 : Eventuelt

Orienteringssaker v/ Mona Ryste :

1. Utskrivingsklare pasientar. Kommunane gjer ein svært god jobb med å ta imot utskrivingsklare pasienter. Viser til vedlegg.

Det vart stilt spørsmål m.a. om ein har sett på kor mange pasientar som ikkje burde vore innlagt, om legemiddelbruk er årsak til innlegging ol.

2. Trainee – ordning. Sogn og Fjordane viser til gode resultat etter å ha prøvd trainee – ordninga. Viser til meir utfyllande informasjon i vedlegg.